

**Utval:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset  
**Dato:** 30.10.2017  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13.30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Ruth Grethe Ø. Eriksen	Medlem	FrP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Kollbotn	Medlem	R

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Frank Mo	Terje Kollbotn	R

---

**Merknader**

---

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann, t.o.m. PS 107/17
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon, t.o.m. PS 107/17
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør, t.o.m. PS 107/17
Espen Hordvik	Rekneskapsrevisor, Deloitte, t.o.m. PS 108/17
Line Margrete Johansen	Forvaltningsrevisor, Deloitte
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Inge Reidar Kallevåg  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

**Sakliste**

<b>Utvalls- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 104/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 105/17	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 106/17	Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 17 frå Deloitte	2016/4239	
PS 107/17	Fylkesrådmannen orienterer om avvik i prosjektrekneskapar	2016/2768	
PS 108/17	Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/11221	
PS 109/17	Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" - Status i arbeidet ved Deloitte	2016/1940	
PS 110/17	Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring - Forslag til prosjektplan	2017/13387	
PS 111/17	Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Bestilling	2017/15170	
PS 112/17	Forvaltningsrevisjon innan "Arkivering og journalføring" - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/13386	
PS 113/17	Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av NDLA 1	2015/2073	
PS 114/17	Oppfølging - Selskapskontroll av Hardanger AKS AS	2015/943	
PS 115/17	Handlingsplan - Selskapskontroll av Hordaland Teater AS	2016/9439	
PS 116/17	Gjennomgang av møteprotokollar	2015/11023	
PS 117/17	Referatsaker		
RS 46/17	Vedtak TING 3.10.17 - Forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II	2015/2073	
RS 47/17	E-postar med emne: Sak i BA	2015/2073	
RS 48/17	17/03043-6 - Saksprotokoll KU-TFK, 28092017, Sak 29/17, Referatsaker 28.09.2017	2015/2073	
RS 49/17	NDLA II rapporten KU Telemark	2015/2073	
RS 50/17	Kontrollutvalget i Vestfold fylkeskommune - Saksutskrift - Forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.	2015/2073	
RS 51/17	Oppdatering om selskapskontroll av Vigo IKS	2017/4190	
RS 52/17	Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune per oktober 2017	2017/16074	
RS 53/17	Arbeid med tilpassing til ny personvernlovgeving	2017/16167	
RS 54/17	Skatteinngangen pr. september 2017	2015/12603	
RS 55/17	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. september 2017	2015/10348	
RS 56/17	Vedtak TING 3.10.17 - Finansrapport 2. tertial 2017	2016/4239	
RS 57/17	Vedtak TING 3.10.17 - Tertialrapport pr. august 2017 - rekneskapsrapport.	2016/4239	
RS 58/17	Vedtak TING 3.10.17 - Evaluering av Bybanen - analyse av konkurranseutsetjing versus drift i eigen regi	2016/11222	
RS 59/17	Vedtak TING 3.10.17 - Endringar i Reglement om godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune	2015/12601	

RS 60/17	Vedtak TING 3.10.17 - Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2017	2015/12601
RS 61/17	Vedtak i TING 3.10.17 Permisjon Sara Berge Økland	2015/10897
PS 118/17	Eventuelt	

## **PS 104/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke.

## **PS 105/17 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Vedtak**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 12.09.2017 vart samrøystes vedteke.

## **PS 106/17 Fylkesrådmannen orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 17 frå Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, og fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Kristine Holm Svendsen, orienterte om kva som er/vil verta gjort i høve forbetningsområda som kjem i revisjonsrapport 2016 nr. 17 frå Deloitte og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Etter dette vart slik vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med informasjonen som kom fram og tar denne til orientering.

## **PS 107/17 Fylkesrådmannen orienterer om avvik i prosjektrekneskapar**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Fylkesrådmann, Rune Haugsdal, fylkesdirektør økonomi og organisasjon, Ingrid Kristine Holm Svendsen, og eigedomsdirektør, Jostein Fjærestad, orienterte om årsaka til dei usedvanleg store avvika i kalkylane for Osterøy, Stord og Austevoll vidaregåande skular.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet seier seg særers nøgd med informasjonen som kom fram og tar denne til orientering.

## **PS 108/17 Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan planlegging av investeringsprosjekt vert å levere sekretariatet seinast innan 14.11.2017 kl. 09.00, slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 29.11.2017.
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere revisjonsrapport gjeldande planlegging av investeringsprosjekt for fylkestinget, i starten av møtet 13.12.2017.
3. Informasjonen vart elles teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Rapporten vert ikkje ferdig innan 14.11.2017. Etter dette vert ny frist sett til 27.11.2017 kl. 9.00. Punkt 2 i forslag till vedtak går ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan planlegging av investeringsprosjekt vert å levere sekretariatet seinast innan 27.11.2017 kl. 09.00, slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 18.12.2017.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

## **PS 109/17 Forvaltningsrevisjon innan "Innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular - Del 2" - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan planlegging av investeringsprosjekt vert å levere sekretariatet seinast innan 03.11.2017 kl. 09.00, slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 29.11.2017.
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte får 15 minuttar til å presentere revisjonsrapport gjeldande innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 for fylkestinget, i starten av møtet 13.12.2017.
3. Informasjonen vart elles teken til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak punkt 1 inneheld denne feilen: ..... planlegging av investeringsprosjekt... Det rette skal vera: .... innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2..... Punktet vert endra i tråd med dette.

Rapporten vert ikkje ferdig innan 14.11.2017. Etter dette vert ny frist sett til 27.11.2017 kl. 9.00. Punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Forvaltningsrevisjonsrapport innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 vert å levere sekretariatet seinast innan 27.11.2017 kl. 09.00, slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 18.12.2017.
2. Informasjonen vart elles teken til orientering.

## **PS 110/17 Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring - Forslag til prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring frå Deloitte AS, med utgangspunkt i justert forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 13.11.2017.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i justert forslag til prosjektplan.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte presenterte justert forslag til prosjektplan for forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet seier seg samd i justert prosjektplan. Punkt 2 går difor ut.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring frå Deloitte AS, med utgangspunkt i justert forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i justert forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen, ber om at han også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018, ferdig verifisert og med fylkesrådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

## **PS 111/17 Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Bestilling**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet gav i møte 29.08.2017, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 15.11.2017 og skal godkjennast i neste ordinære møte i kontrollutvalet.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet gav i møte 29.08.2017, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 15.11.2017 og skal godkjennast i neste ordinære møte i kontrollutvalet.

## **PS 112/17 Forvaltningsrevisjon innan "Arkivering og journalføring" - Status i arbeidet ved Deloitte**

### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor Line Johansen frå Deloitte orienterte om status i arbeidet med forvaltningsrevisjon innan arkivering og journalføring og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 113/17 Oppfølging - Forvaltningsrevisjon av NDLA 1**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå NDLA når det gjeld forvaltningsrevisjon NDLA-1. Vidare oppfølging av forbetningsarbeidet i selskapet vert å komme tilbake til i samband med oppfølging av forvaltningsrevisjon av NDLA-2.

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

### **Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå NDLA når det gjeld forvaltningsrevisjon NDLA-1. Vidare oppfølging av forbetningsarbeidet i selskapet vert å komme tilbake til i samband med oppfølging av forvaltningsrevisjon av NDLA-2.

## **PS 114/17 Oppfølging - Selskapskontroll av Hardanger AKS AS**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetningsarbeid etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og ber om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018.

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er nesten ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen.
2. Det manglar likevel tilfredsstillande svar på punkt 16, som går på rapportering til Hordaland fylkeskommune om praksisplassar, og kontrollutvalet ber om at naudsynt dokumentasjon på dette punktet vert send innan 15.01.2018.

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017

#### Handsaming i møte

Etter at saka var send ut til kontrollutvalet har vi motteke naudsynt informasjon frå Hardanger AKS AS i høve punkt 16 i vedtaket. På bakgrunn av dette seier kontrollutvalet seg nøgd med tilbakemeldinga fra Hardanger AKS AS og seier seg ferdig med saka. Det betyr at punkt 2 i vedtaket som gjeld selskapet går ut medan punkt 1 i vedtaket vert endra til:

*«Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.»*

For å lettare kunne halde vedtaka frå kvarandre, vert vedtaket som gjeld Hardanger AKS AS nummerert som nr. 3.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### Vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er tilfredsstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetningsarbeid etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og ber om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018.
3. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.

### PS 115/17 Handlingsplan - Selskapskontroll av Hordaland Teater AS

#### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Fylkesrådmannen** har sett i gang i høve selskapskontroll av Hordaland teater LL.
  2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen å komme med ny skriftleg oppdatert status på forbetningsarbeidet i høve punkt 1, 2 og 3 innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av dei tre forbetningspunkta.
- 
1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av **Hordaland teater LL**.
  2. Kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017

#### Handsaming i møte

For å lettare kunne halde vedtaka frå kvarandre, vert vedtaket som gjeld **Hordaland Teater LL** nummerert som nr. 3 og 4.

Med denne endringa i nummereringa vart forslag til vedtak samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Fylkesrådmannen** har sett i gang i høve selskapskontroll av Hordaland teater LL.
2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen å komme med ny skriftleg oppdatert status på forbetningsarbeidet i høve punkt 1, 2 og 3 innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av dei tre forbetningspunkta.
3. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som styret/dagleg leiar har sett i gang i høve selskapskontroll av **Hordaland teater LL**.
4. Kontrollutvalet anmoder om å få ny oppdatert status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.07.2018. Tilbakemeldinga bør også innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.

## **PS 116/17 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Følgjande møteprotokollar vart gjennomgått i dette møtet:

- |  |                  |
|--|------------------|
| • Fylkestinget                                   | 03. – 04.10.2017 |
| • Fylkesutvalet                                  | 20.09.2017       |
| • Utval for kultur, idrett og regional utvikling | 13.09.2017       |
| • Utval for opplæring og helse                   | 17.10.2017       |
| • Utval for miljø og samferdsel                  | 18.10.2017       |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## **PS 117/17 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Møtet vart lukka med heimel i kommunelova § 31.3 under deler av handsaming av referatsak RS 47/17.

### **Vedtak**

Referatsakene vart tekne til orientering.

## **PS 118/17 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Planlagt felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 21.11.17 i høve samanslåing av dei to fylkeskommunane, vert av praktiske grunnar å avvikle som videokonferanse. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune deltek i møterom i Fylkeshuset i Bergen og kontrollutvalet i Sogn og Fjordane deltek i møterom frå Leikanger. Det vert også lagt opp til at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune skal ha eit formøte frå kl. 10.00 – 12.00 og at fellesmøtet kan starte kl. 13.00.



Ruth Eriksen orienterte om at møta som er planlagt til 12.03.2018 og 04.06.2018 kolliderer med møter i KS som ho skal delta på. Dersom ho ikkje klarer å få endre desse møta tok ho opp spørsmålet om møta i kontrollutvalet kan flyttast til hhv. 13.03.2018 og 05.06.2018. Kontrollutvalet hadde i tilfelle ikkje innvendingar til dette. Sekretariatet fekk fullmakt til å gjera tilpassingar i møteplanen når Eriksen har fått gjort naudsynte avklaringar.

Sekretariatet har fått informasjon frå Eriksen om at ho ikkje fekk endra møtedatoane i KS. Den 12.03.18 er det planlagt eit 2-timars kurs som skal haldast i «Vestlandet». Det viser seg at «Vestlandet» ikkje er ledig 13.03.18. På bakgrunn av dette vert møtet 12.03.2018 ikkje endra, medan møtet 04.06.2018 vert endra til 05.06.2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet sitt felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 21.11.2017 vert å halde som videokonferanse. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune skal starte med eit formøte kl. 10.00 – 12.00 og deretter felles videokonferanse med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane frå kl. 13.00.
2. Møtet som er planlagt til 04.06.2018 vert flytta til 05.06.2018.